



Fylkesmannen i Hordaland  
Kommunal- og samfunnsplanavd.  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/874 - 17/10061

Saksbehandlar:  
Lillian Straumøy Brakstad  
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:  
16.05.2017

## Høyring - søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel - LNF -, og frå forbod mot tiltak i strandsona for oppføring av naust på Sætre, gbnr 57/3.

### Saka gjeld :

Det vert vist til søknad frå Jørn Johannessen om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel – LNF– , og frå forbod mot tiltak i strandsona, jf plan- og bygningslova §§ 1- 8 og 19- 2, for oppføring av naust på Sætre, gbnr 57/3.

### Planstatus:

Gbnr 57/3 er ein landbrukseigedom på 241 234 m<sup>2</sup> og er i kommuneplanen sin arealdel avsett til LNF.

### Søknad om dispensasjon:

Det er i skriv frå tiltakshavar søkt om dispensasjon for oppføring av naust. I opprinneleg søknad har naustet mønehøgde på 6,0 m, noko som er i strid med føresegna til kommuneplanen sin arealdel pkt 1.6.14. I skriv til tiltakshavar dagsett 05.05.2017 ba administrasjonen tiltakshavar tilpassa naustet krava i føresegna pkt 1.6.14. Tiltakshavar har i e-post motteke 08.05.2017 gjort merksam på at naustet vil verte tilpassa krava i føresegna og nye teikningar vil verte sendt inn.

For grunngjeving av søknaden vert det vist til denne i sin heilheit.

### Kommuneplan og lovgrunnlag:

Kommuneplanen sin arealdel er styrande for arealbruken og søknaden vert først vurdert i høve til den. I LNF sona i kommuneplanen skal det til vanleg ikkje gjevast løyve til tiltak som krev byggeløyve eller andre varige konstruksjonar.

### Dispensasjon etter pbl kap. 1 og § 19- 2 :

Søknaden skal vurderast opp mot omsynet bak regelen det vert søkt dispensasjon frå. I § 1- 1 i plan- og bygningslova heiter det m.a.: Lova skal fremja berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.

Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak regelen det vert dispensert frå, eller omsyna i lova sine formål, vert sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

ulempene etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lova skal det leggjast særleg vekt på konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge. Det skal også leggjast særleg vekt på statlege og regionale mål.

Kommunen bør ikkje gje løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

Førebels vurdering, vidare saksgang, høyring:

Tiltaket er tilstrekkeleg gjort greie for til at dispensasjonsspørsmålet kan vurderast.

Etter gjeldande sakshandsamingsreglar vert søknaden om dispensasjon sendt regionale styresmakter ved Fylkesmannen i Hordaland – Kommunal- og samfunnsplanavd. og Hordaland Fylkeskommune – Regionalavdelinga til uttale, før det vert gjort vedtak i saka.

Frist:

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om tillatelse til tiltak uten ansvarsrett GBNR 57/3

Teikningar

Situasjonskart

17/8395 GBNR 57/3 - Søknad om dispensasjon frå KPA for oppføring av naust - Trong for tilleggsopplysningar

GBNR 573 - Søknad om dispensasjon frå KPA for oppføring av naust - Trong for(1)

57-3 1\_1000

57-3 1\_3000

**Kopi til:**

Jørn Johannessen

Lokketona 37

5136

MJØLKERÅEN

**Mottakere:**

Fylkesmannen i Hordaland

Kommunal- og  
samfunnsplanavd.

5020

BERGEN

Hordaland Fylkeskommune

Regionalavd.

5020

BERGEN